

Når reisa di er slutt...

Gi litt av arven din til nokon som treng det på si reise



– Sjølv om det er mange etter oss, så kan me tenka oss dette, konkluderer Lars Gunnar og Jorunn Øxnevad Lie etter ein lang tankeprosess som kom i gang etter at Åslaug Ihle Thingnæs i NMS kontakta dei i vår. No har dei bestemt seg for at dei vil skriva testament.

Tekst & foto: Åslaug Ihle Thingnæs





Åslaug Ihle
Thingnæs,
innsamlings-
konsulent,
NMS

Eg tenkte alltid at det var anten eller: Den som er utan livsarvingar skriv testament, og då gjeld det gjerne alt. Den som har livsarvingar skriv ikkje. Kombinasjonen har ikkje falle meg inn før ein nemnde det: Kva med å tilgodesjå NMS med ei gåve i testamentet ditt?

Spørsmålet har blitt hengande der, og samtalen med ektefelle og barn er tatt. No står formuleringar og underskrifter att, og det kjennest heilt rett. Småsamntalar med andre undervegs har vist meg at det er mange som tenkjer som meg. I alle fall me som har livsarvingar bryr oss ofte ikkje med testament.

Sjølvsagt handlar det ikkje om å skapa vanskar i samband med arveoppgjer, snarare tvert imot. Men det gir rom for å ta opp spørsmål som alle kan vera tent med å snakka gjennom.

Mi rolle som tilsett i NMS, til og med i arbeidet med innsamling, gjer meg delvis inhabil - sjølv om det ikkje handlar om meg som mottakar. Difor tok eg kontakt med eit par aktive frivillige for å lufta tankar om dette svært personlege og utfordrande temaet.

Regionstyreleiar i NMS Region Bjørgvin, Jorunn Øxnevad Lie og tidlegare landsstyreleiar i NMS, Lars Gunnar Lie, bur på Sotra ved Bergen, og dei tok utfordringa til å reflektera litt rundt temaet.

Åslaug

– Er det aktuelt for dykk å tenka at de i eit eventuelt testament også kan gi ei gåve til NMS?

Temaet er arv, og spørsmålet er utfordrande for begge partar. Så utfordrande at me ryddar rom for ein samtale. På ein varm seinsommardag får me ein god times prat på verandaen ved huset deira på Sotra, eit steinkast frå der Lars Gunnar vaks opp. Han fyller 75 år i september, og Jorunn har eit halvt år att før ho er 70. Fem vaksne barn og tretten barnebarn mellom to og 17 år er spreidde i heile landet, frå Jæren til Alta.

– Det var sjølvsagt desse me tenkte på først når dette vart eit tema. Me måtte snakka med alle ungane våre først, svarar Jorunn.

EINSTEMMIG JA

Svaret frå barna er eintydig.

– Dette må de gjera som de vil med, svara dei.

Det er denne innstillinga frå barna dei stadig kjem tilbake til vidare i samtalen.

– Det er viktig for oss både at dei godtar det, og at det ikkje skal innebera ekstra utgifter for dei, seier Jorunn. Ho tenker først og fremst på at det er skilnad på likvidmidlar og fast eigedom.

– Me veit til dømes ikkje om nokon av dei vil overta huset etter oss, legg ho til.

Lars Gunnar skundar seg å skyta inn at dei ikkje vil framstillast som idealistar og forbilder.

– For dette er ingen enkel prosess, men den har absolutt vore nyttig for oss, slår han fast.

VANSKELEG TEMA

– Det var eit nytt ansvarsområde for meg då eg som NMS-tilsett fekk ansvar for å arbeida med spørsmålet om testamentariske gåver. Det var litt av ei utfordring å skulla venda meg til nokon om eit så sårbart og personleg tema, forklarar eg. Først skreiv eg mail, så ringde eg og me fekk nokre telefonsamtalar før me no sit her.

– Korleis reagerte de eigentleg på spørsmålet frå oss, spør eg.

– Eg vart ikkje fornærma eller sint, men spørjande, svarer Jorunn kontant.

– Det var liksom ein heilt ny tanke for oss. Etter kvart ser me verdien av ei slik løysing ettersom me har vore engasjert i NMS gjennom livet, legg ho til.

Lars Gunnar synes kontakten med NMS har vore god.

– Eg veit jo frå arbeidet mitt i landsstyret for NMS kor viktige testamentariske gåver er. Dette vil utan tvil innebera stabilitet og trygghet for organisasjonen.

Viss Jorunn og eg kan bidra til at dette vert eit samtaletema for fleire, så er det bra, seier han.



PRIORITERA FOR ETTERTIDA

– Det er ein fascinerande tanke at prioriteringane mine i dag kan gjelda også etter at eg er borte. At eg kan vera med å sikra at det eg har vore engasjert



– Me måtte snakka med alle ungane våre først, seier Jorunn Øxnevad og Lars Gunnar Lie.

i gjennom livet, skal halda fram, seier 75-åringen. Kona legg til at dei først ikkje trudde at testament-skriving vart aktuelt.

– Men no ser me at det vil vera fint om me let våre prioriteringar gjennom livet gå vidare gjennom å gi noko til hjartesa vår i eit testament, seier Jorunn.

PROSENTSATS HELLER ENN SUM

– Seier de forresten noko om storleiken på ei slik gåve, spør Jorunn.

Eg svarer som sant er at det sjølvsagt er heilt opp til den enkelte, men at det kanskje er mest praktisk å operera med prosentsats heller enn ein sum. Avstanden i tid mellom når eit testament vert forfatta og når det vert gjeldande, kan vera relativt lang. Dermed er kroneverdien kanskje endra. Men det treng ikkje handla om dei store summene. Eg forklarar kvifor ved å gi dei eit eksempel.

– Viss det kjem gåver frå 150 testament på gjennomsnittleg 100.000 kroner, så betyr det 15 millionar kroner. Det er ei merkbar lette i eit stramt budsjett, forklarar eg.

Men det er ikkje NMS sine budsjett som er hovudsaka her, men alle dei menneska som gjennom arbeidet får høyra budskapet og får ein lettare kvardag. Dette veit Lars Gunnar mykje om etter å ha lese eit fleirtal av rapportar frå arbeidet.

PLANTA EIT EPLETRE I DAG

– Dette er ikkje det lettaste å snakka om, for me går ikkje rundt og tenker at døden ligg rundt neste sving, tenker Lars Gunnar høgt.

– Ja, me lever jo på mange måtar som om me er udøyelege, supplerer Jorunn.

– MEN NO SER ME AT DET VIL VERA FINT OM ME LET VÅRE PRIORITERINGAR GJENNOM LIVET GÅ VIDARE GJENNOM Å GI NOKO TIL HJARTESAKA VÅR.

Dagen før mitt besøk har Lars Gunnar akkurat henta heim sin nye båt og vore på fisketur med barnebarn.

– Det slo meg då eg stod og såg på båten. Det er fem års garanti. Tru om eg lever så lenge, undrar han.

– Som god lutheranar kan du tenka som Martin Luther. Han sa at viss han visste at verda skulle gå under i morgon, ville han likevel planta eit epletre i dag, seier eg.

Jorunn nevner Jesus sitt bilde om kveitekorset som må falla i jorda og døy for å bera frukt.

– Passar ikkje det godt i denne samanhengen og? spør ho tankefullt.

Jorunn og Lars Gunnar er realistar. Ho med botanikk og han med geofysikk. Lars Gunnar har difor litt tips på det rasjonelle plan til slutt.

– Det er viktig at NMS legg dette praktisk til rette. At ikkje det skal gå mange timar med advokat for den enkelte for å få dette på plass, seier han.

Eg tek med meg rådet og takkar for meg. Dette er noko me vil arbeida vidare med.

I første omgang tilbyr me ein del informasjon på nettsida, www.nms.no/testament. Ei brosjyre er også undervegs og kan bestillast på tlf 51 51 61 00 eller på epost til info@nms.no